



Aukra kommune  
Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
PLAN-22/00064	30.05.2024	24/14954 - 24/73713	Ingeborg Forseth - 712 80 155	31.05.2024

## **Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsendring - gang og sykkelveg Smågetoppen - uttale**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### **INNLEIING**

Saka gjeld avgrensa høyring for reguleringsplan gang- og sykkelveg Smågetoppen. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:


### **MERKNADER TIL PLANFORSLAGET**

#### **Samferdsel**

Vi har ikkje merknader til at avstand mellom fylkesveg 6046 og regulert gang- og sykkelveg blir auka til 1,5 meter, i tråd med vegnormalane og derfor fjernar behovet for rekkverk mellom fylkesvegen og regulert gang- og sykkelveg.

Forslaget om nytt kryss mellom dei to eksisterande kryssa/avkøyrslane vil gjere at ny kryssløysing vil kome i noko større avstand frå høgbrekket (bakketoppen) på fv. 6046, og sikt kan derfor bli noko betre enn ved løysing som opphavelag regulert. Prinsipp om reduksjon av avkøyrslar/kryss er vidareført ved at dei eksisterande avkøyrslane/kryssa er regulert stengt, og det er knytt rekkefølgekrev til stenginga. Vi har ikkje merknader til dette under føresetnad av at minimumskrav til stoppsikt i Statens vegvesen si handbok N100 kan bli tilfredsstillt.

Dei siste endringane som er lagt inn etter førre offentlege ettersynet er at gang- og sykkelvegen stoppar tidlegare, og at det blir lagt meir tydeleg opp til eit kryssingspunkt der gang- og sykkelvegen sluttar. I føresegna og planomtalen blir det vist til at tilrettelagt kryssingspunkt skal etablerast, og at det skal bli etablert venteareal på begge sider av vegen som skal kryssast, slik at gåande kan stå ved sidan av vegen til det er klart for å krysse. Slik plankartet ligg føre no, er det ikkje regulert inn eit slikt venteareal på motsett side av fv. 6046, det er berre regulert eit venteareal på same side som gang- og sykkelvegen. Arealbruken/formål er med andre ord ikkje sikra i plankartet. For at intensjonane i føresegna og planomtalen skal vere sikra i plankartet, ber vi om at venteareal ved ny felles avkøyrsel/kryss (p\_KV6) blir regulert inn i plankartet på liknande måte som i eksempelet under:



## KONKLUSJON

Ber om at merknad frå samferdsel blir tatt omsyn til i den vidare behandlinga av saka.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:  
Statens vegvesen